

SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 19/00321-4
Saksbehandler Håvard Stensønes

Reguleringsplan for Syltøran - Brattørskogen 20180001 - første gongs behandling

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Hovudutval for miljø, areal og teknikk	29.10.2019	22/19

Hovudutval for miljø, areal og teknikk har behandlet saken i møte 29.10.2019 sak 22/19**Forslag:**

Hovudutval for miljø, areal og teknikk arbeide seg fram tilfølgjande forslag:
Fartsgrensa ned til Trelastvegen/ Idrettsvegen settast ned til 40 km/t.

Ole Joar Bruset sette fram følgjande forslag:
Utvide areal I/ F1 Industri og næring vestover med den nye veien og østre del av naturområde.

Erik Moen sette fram følgjande forslag:

- a) Den delen av arealdel regulert til Industri/ Lager som ikkje er oppfylt blir Naturområde.
- b) Areal avsett til idrettsformål skal ikkje vere utandørs kunstgras.

Votering

Forslaget som MAT arbeide seg fram til vart samrøystes vedteken.
Forslaget frå Ole Joar Bruset fall med 4 mot 3 stemmer.
Forslaget frå Erik Moen (pkt. a) vart vedteke med 5 mot 2 semmer.
Forslaget frå Erik Moen (pkt. 3) fall med 4 mot 3 stemmer.

Hovudutval for miljø, areal og teknikk sitt vedtak:

Hovudutval for miljø, areal og teknikk legg reguleringsplan for Syltøran - Brattørskogen ut til høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslovens § 5-2 og § 12-10.

Ny plan vil oppheve deler av følgjande gjeldande reguleringsplan:
PlanID: 20060014-014 Plannavn: Bøvrasmooan - Syltøran, vedtatt 02.02.2006.

Saka er vurdert etter naturmangfaldlova.

Fartsgrensa ned til Trelastvegen/ Idrettsvegen settast ned til 40 km/t.

Den delen av arealdel regulert til Industri/Lager som ikkje er oppfylt blir Naturområde.



Reguleringsplan for Syltøran - Brattørskogen 20180001 - første gongs behandling

Kommunedirektøren si innstilling:

Hovudutval for miljø, areal og teknikk legg reguleringsplan for Syltøran - Brattørskogen ut til høyring og offentlig ettersyn etter plan- og bygningslovens § 5-2 og § 12-10.

Ny plan vil oppheve deler av følgende gjeldande reguleringsplan:

PlanID: 20060014-014 Plannavn: Bøvrasmøan - Syltøran, vedtatt 02.02.2006.

Saka er vurdert etter naturmangfaldlova.

Saksopplysninger

Surnadal kommune ved Areal- og naturforvaltning har utarbeidd forslag til reguleringsplan for deler av industriområdet i området Syltøran – Brattørskogen.



Figur 1 Kart over planområdet


Plana er ei oppfølging av endringar i kommuneplanen sin arealdel for området, vedtatt i 2018. Regulert flyplass vart teke bort frå kommuneplana og erstatta med grøntområde, nytt næringsareal og landbruksområde.

Planforslaget

Planforslaget som foreligger til behandling består av:

- Plankart i målestokk 1 : 1000 datert 15.10.2019
- Reguleringsbestemmelser datert 15.10.2019

- Planbeskrivelse, datert 15.10.2019



Figur 2 Forslag til reguleringsplan for Syltøran - Brattørskogen

Hensikt med regulering


Hensikten med planendringa er å ta bort flyplass, og tilrettelegge for nytt næringsareal, samt tilbakeføre store deler av planområdet til gjeldande bruk. Plana skal og legge til rette for betre trafiksikkerheit. Dette blir gjort gjennom endring av vegstrukturen og bygging av gang/sykkelvegar og fortau

Eiendomsforhold

Planområdet dekkjer arealet til ei rekkje bedrifter og privatpersonar, i tillegg til kommunen sitt nærings- og vegareal.

Forhold til overordna planer


Planforslaget er i tråd med kommuneplanens arealdel. Planforslaget inneheld meir detaljerte grenser og tilpassingar til ønska arealbruk for området.



Figur 3 Vedtatt kommuneplan viser at flyplassen er teke ut

Gjeldende reguleringsplan

Gjeldande reguleringsplan viser flyplass for heile området (grå farge i plankartet), og inneheld restriksjonar i områda aust for sjølve flyplassen.



Figur 4 Gjeldande reguleringsplan vedtatt i 2006

Medverknad

I samband med oppstart av planarbeidet vart næringslivsaktørar og grunneigarar i området invitert til eit info-møte om planarbeidet. Saka har og vore drøftingssak i Surnadal ungdomsråd. Det kom inn fleire gode innspel til planarbeidet, mellom anna:

- Det må tilretteleggast for mjuke trafikantar i området – spesielt til Syltøran
- Bedrifter i området må få gode forutsigbare rammevilkår for å vidareutvikle si verksemd

Innkome innspel til planoppstart

Ei oppsummering av innkomne innspel til planforslaget er samla bakerst i planomtalen og er ikkje kommentert ytterlegare i saksframlegget. Det kom inn totalt 10 innspel til saka.

Vurdering

Konsekvensutredning

Planforslaget er vurdert i henhold til forskrift om konsekvensutredninger § 10. Tiltaket fell ikkje inn under forskrifta sine oppfangskriterie og treng derfor ikkje konsekvensutredning. Det er i planomtalen gjort ei vurdering på dei ulike reguleringsformåla sine konsekvensar for miljø og samfunn.

Byggeplanene

Forslag til reguleringsplan legg opp til ei forsiktig utviding av eksisterande næringsareal. Eksisterande dyrkajord blir ført attende til landbruksareal, medan eksisterande boligar blir regulert til boligformål.

Infrastruktur

Plana legg til rette for betre kryssløysingar langs Industrivegen. Det blir laga eit ny avkjørsel nord for Eiksenteret, i tillegg til at avkjøringa ved Trollheimen treningssenter blir stramma opp. Plana tilrettelegg betre for mjuke trafikantar.

Grønnstruktur /Friområde

Store deler av området er tilbakeført til strandsone/sjøareal og grøntareal, medan andre deler er vist som nytt næringsareal. Dette er i tråd med vedtatt kommuneplan.

Landskapsverknader

Plana si påverknad på landskapskvalitetane i området. Største delen av planområdet blir regulert til dagens bruk. Største landskapsendringa vil vere tilrettelegging av næringsareal nord for Eiksenteret.

Dette området er i dag skogkledd. Dersom det blir utbygd med næringsareal er det nærliggande å tru at store deler av skogen vil bli hogd.

Barn og unge sine interesser

Plana skal gi betre forhold for mjuke trafikantar. Barn- og unge sine interesser innanfor planområdet er i stor grad knytt til gang- og sykkelveggar og fortau, slik at det blir trygt å ferdast langs Industrivegen, og langs Trelastvegen/Idrettsvegen. Plana har i stor grad teke omsyn til dette i plana.

Kulturminner

Det er ingen kjente registrerte kulturminne innanfor planområdet. Møre og Romsdal fylkeskommune har varsla at det kan bli aktuelt med arkeologiske undersøkingar i området.

Risiko og sårbarheit

Planomtalen inneheld eit kapittel om risiko- og sårbarheit. Det er ikkje avdekt forhold som treng ytterlegare vurderingar.

Naturmangfoldslova

Kommunen skal i alle saker vurdere tiltaket i forhold til naturmangfoldlova (Nml) §§ 8 – 12.

I forhold til Nml §8 (kunnskapsgrunnlaget):

- Saka er vurdert i forhold til opplysningar som ligg i Gislink www.gislink.no og Naturbase <https://kart.naturbase.no/>. Det er fleire registreringar innafor planområdet, men ingen innanfor dei nye byggeområda.
- Artsdatabanken (<https://artskart.artsdatabanken.no>) viser fleire registreringar innanfor planområdet, men ikkje innanfor nye byggeområde. Strandsona og store deler av skogkledd areal blir tilbakeført til dagens bruk.

I forhold til Nml §9 (føre-var-prinsippet):

Der det er tvil om kunnskapsgrunnlaget bør tiltak avslåast. Kommunen har vurdert kunnskapsgrunnlaget i saka til å vere godt nok i forhold til å fatte vedtak.

I forhold til Nml §10 (økosystemtilnærming og samlet belastning):

Nml § 10 seier at påverknad av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla påverknaden. Den samla påverknaden av planendringa vil vere positivt samanlikna med gjeldande reguleringsplan for området. Skogområdet på I/F 2 er ein ca 8 dekar stor barskog som er ein del av eit større skogområde på totalt 60 dekar. Denne skogen blir vurdert til å ha ein lokal verdi som viltbiotop, og ei omdisponering vil vere negativt for naturmangfoldet i området.

I forhold til Nml §11 (kostnaden ved miljøforingelse skal bærast av tiltakshavar):

Nml § 11 legg kostnadane for å avgrense negativ påverknad tiltaket volder, til den som er ansvarleg for tiltaket. Kommune vurderer omsøkt tiltak slik at det ikkje vil bli sett krav om avbøtande tiltak i samband med utbygging.

Samla vurdering:

Med bakgrunn i vurderingane gjort ovanfor anbefalar Kommunedirektøren at planforslaget for Syltøran – Brattørskog PlanID 20180001 blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Kommunedirektøren ber hovedutvalget om løyve til å gjere mindre redaksjonelle endringar og Eventuelle opprettingar av feil i plandokumenta etter første gongs politisk behandling.

Vedlegg

Vedrørende reguleringsplan, Syltøran
Svar_Varsel om oppstart - Reguleringsplan for Syltøran - Brattørskogen.pdf
Forslag til løsning.pdf
Kopi av skriv til Statens Vegvesen Møre og Romsdal.pdf
Trollheimen Treningssenter.pdf
Plankart 15 10 2019 M1000 flyfoto
20180001 Planomtale
Plankart 15 10 2019
Innspel Statens vegvesen
Innspel Fylkesmannen
Innspel Møre og Romsdal fylkeskommune
Innspel Anton Skei
Innspel frå Surnadal IL
Innspel frå Trollheim AS
Innspel Gry Mikkelsen Tellesbø
Innspel NVE
Innspel Roar Halle
Innspel Talgø Møretre
20180001 Reguleringsbestemmelser

RETT UTSKRIFT

DATO 11.november.2019